


Jan Inge Sørbø



Øystein Helmikstøl
journalist i Psykologtidsskriftet

Litteraturviter, professor ved Høgskulen i Volda



JAN INGE SØRBØ

FOTO KRISTIAN FUGLSETH

- 1. Psykologi, som dei fleste vitskapar om mennesket, har element både av kritisk og meir positivt registrerande karakter. Den freudianske impulsen var jo svært viktig då kritisk teori (Frankfurtarskulen) utforma ideologi-kritikken. Men faget har også eit potensial til å stadfeste kulturens verdiar utan å stille spørsmål, dersom ein fokuserer sterkt på individets evne til å greie seg. Mykje populærpsykologi med vekt på individuell meistring, stadfester og godkjenner i realiteten verdiane i samfunnet omkring oss.

Mykje populærpsykologi med vekt på individuell meistring, stadfester og godkjenner i realiteten verdiane i samfunnet omkring oss

- 2. Det kan ein gjere berre ved fagkritisk sjølvrefleksjon. Berre dersom ein spør korleis faget fungerer i samfunnet, og dermed låner perspektiv utanfrå, kan ein utvikla kritiske perspektiv. Då har til gjengjeld psykologien eit stort potensial til å påpeike og kritisere korleis kollektive fenomen som (medie)narsissisme, flukt frå eksistensielle problem, kvasiverdiar og kollektive illusjonar knyter seg til menneskelege behov, og flytter inn i oss, så å seia.